



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 28/2016

Møtedato: 31.8.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## F392, Flydammen – søknad om inngjerding

Per Inge Linnerud søker Statskog om å få gjerde inn ca. 1,5 daa rundt hyttefeste 392 ved Flydammen. Statskog avgjer søknaden etter §12 i fjellova etter uttale frå fjellstyret. Statskog ber fjellstyret om uttale til søknaden. Søknaden er grunngjeven med at det er mykje beitedyr i området.

Etter tomtefesteloven disponerer festaren 1 daa når det gjeld punktfeste. I utgangspunktet er det ikkje lov å gjerde inn, men det har vore praksis å få gjerde inn ca. 0,5 daa når det er ulempe med beitedyr. Fjellstyret behandler dette som ei prinsippsak i sak 53/2000:

*Fjellstyret tilrår inngjerding av hytter bør skje etter følgjande retningslinjer:*

1. Hytter skal i utgangspunktet ikke føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillatast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttefestaren skal også føre opp gjerde dersom stølslukkaren krev det.
6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m<sup>2</sup>, men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringer og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

Søkjar ynskjer no å gjerde inn eit større areal; 1,5 daa. Det er bygd ny hytte og laga til eit større areal som plen ved hytta. Dette er større enn 1 daa som følgjer av tomtefesteloven. Statskog skriv at dersom arealet går ut over 1 daa, er det ein føresetnad at festeavgift aukar tilsvarende.

Dette er eit nytt prinsipp som fjellstyret må ta opp til diskusjon. Hytta ligg i hyttefelt H38 jf. kommuneplan. I hyttefelt har ein vore forsiktig med å gi løyve til inngjerding. Det er eit felt med relativt få hytter. I kommuneplan er det vedteke at det kan flyttast inntil 12 tomter som utflyttingstomter for hytter som ligg inne på stølslaga andre stader i allmenningen. Det har så langt ikkje vorte nytta nokon av desse tomtene.



Saka er lagt fram utan framlegg til vedtak då det er ein del nye prinsipp som bør diskuterast i fjellstyret først.

### Vedtak

Fjellstyret tilrår at det blir godkjent inngjerding på inntil 500 m<sup>2</sup> inkl. areal på hytte.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.8.16

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog